

## **SAK 20/16 SØKNAD, SONGBOK FOR BARN I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning**

Dei lokale mållaga Hol, Ål, Gol og Hemsedal i samarbeid med Buskerud Mållag ynskjer å gje ut ei bok med barnesangar, rim og regler frå Hallingdal. I samband med dette prosjektet, som er kostnadsrekna til kr. 290.000, blir det søkt om eit bidrag frå Regionrådet for Hallingdal.

I arbeidet med [Hått Halling](#) (som det vart gjeve støtte til med kr. 100.000 i 2015) kom det fram eit ynske om å få ei bok med barnesangar, rim og regler frå Hallingdal. Vedlagt notat frå Kjell Snerte fortel nærare om prosjektet.

Det er løyvd midlar til boka frå Hol, Ål og Hemsedal og det blir arbeid med å få støtte frå ulike private kjelder. I tillegg vil mållaga kunne ta noko frå egne kasser.

### **Vurdering**

Regionrådet for Hallingdal har tidlegare drøfta støtte til bokutgjevingar. På prinsipielt grunnlag kom ein fram til at å støtte ulike type bokutgjevingar ikkje skulle vera ei prioritert oppgåve.

Men det vil som oftast vera unntak, sist støtte til bokutgjevinga «Folkesong i Hallingdal», sak [26/15](#). Å gje ut ei bok barnesangar, rim og regler frå Hallingdal er identitetsbygging og som det blir sagt: « Å gjera hallingtradisjonen levande for ungane gjennom sang, rim og regler er eit kjent pedagogisk knep.»

Etter dagleg leiar sitt syn er dette ei type bokutgjeving som bør kunne støttast. Samstundes er det stort sett dei same kommunane som er med i prosjektet som har gjeve direkte støtte.

### **Vedtak**

Ål 20.5.2016

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

Notat frå Kjell Snerte

Songbok for barn i Hallingdal

I det arbeidet Hått Halling (som Regionrådet støtta med 100 000 kroner i fjor – takk!) har gjort retta mot barnehagane, kom det fram eit ynske om å få ei bok med barnesangar, rim og regler frå Hallingdal. Det har i enkelte bygder funnest stensilar eller hefte med slikt tilfang, men desse blir fort borte i konkurrransen med påkosta og flotte songbøker utanfrå. Det er mykje verdifullt og artig i den lokale tradisjonen som barnehagane gjerne vil gjera levande for dagens ungar, men dei manglar det tilfanget dei treng for å gjera det. Det vart understreka at ei slik bok MÅ ha notar til alle songane, helst ha ein CD som ligg ved fordi langtfrå alle kan lesa notar, og vera illustrert for å tenne interessa og nyfikna hjå ungane – og dei som arbeider i barnehagane.

Hått Halling har ikkje rom for eit slikt prosjekt innafor sine budsjett. Løysinga har blitt at dei lokale mållaga i dalen (Hol, Ål, Gol og Hemsedal) samarbeider med Buskerud Mållag om å gjennomføre eit slikt prosjekt og stå som utgjevar. Men desse har langtfrå økonomiske ressursar til å bera det fram, og må søkje støtte utanfrå. Me har fått kulturmidlar frå Hol, Ål og Hemsedal, men desse forslår trass alt ikkje mykje i den store samanhengen. Me prøver å søkje støtte frå ulike private kjelder, og har tru på å koma noko på veg med det. I tillegg vil mållaga kunne ta noko frå egne kasser. Og med å gjera boka påkosta og profesjonell, vil me nok få selt ein god del til «hallingar flest».

Når me no tenkte oss at Regionrådet kunne hjelpe til, er det fordi dette har med identitetsbygging å gjera. Å gjera hallingtradisjonen levande for ungane gjennom sang, rim og regler er eit kjent pedagogisk knep. Og ungane er trass alt krumtappen i det framtidige Hallingdal.

Arbeidet er i gang med desse medarbeidarane:

Arne Moslåttén. Hovudansvar for innsamling av tilfang, utveljing og redigering. Med seg på dette har han Inger Marie Lien Rust, Gol og Ingjerd Almås Anfinset, Hol. Moslåttén skriv også notar for alle sangane.

Ingunn Wiken. Illustratør og formgjevar.

Inger Marie Lien Rust. Syng inn alle songane på CDden. Produsent: Hallibakken.

Samla budsjett er på 290 000 kroner.